

Sosialteneste og NAV

Kostradokument nr. 7

Førebuande dokument til arbeidet med budsjettet for 2010

**Gjennomgang av funksjonar
under rammeområdet**

**Sosialteneste
og
NAV**

Sosialteneste og NAV - Budsjett pr. 1. tertial 2009

Funksjon/ Tenester	Tekst	Netto utg Rek 07	Netto utg Rek-08	Br. utg. 1T 09	Inntekt 1T- 09	Fond 1T-09	Netto utg 1T-09
24200	Sosialkontorteneste	2 597	4 607	4 272	-268	-80	3 924
24210	Koordinering av arbeidet med flyktningar	948	583	1 359	-289	0	1 070
242	Rådgjeving, rettleiing og sosialt føreb. arbeid	3 545	5 190	5 631	-557	-80	4 995
24300	Behandlingstiltak for personar med rusproblem	86	34	549	-305	-174	70
243	Tilbod til personar med rusproblem	86	34	549	-305	-174	70
		0				0	
27300	Kommunale sysselsetjingstiltak - PU	2 726	2 767	2 842	-1	0	2 842
27301	Komm.sysselsetj.tiltak - psyk. lidelser	463	460	484	0	0	484
27302	Komm. sysselsetj.tiltak - ungdom	228	284	501	-68	0	433
273	Kommunale sysselsetjingstiltak	3 416	3 510	3 827	-69	0	3 758
		0				0	
27500	Introduksjonsordning	3 008	4 144	6 104	-57	0	6 048
275	Introduksjonsordning	3 008	4 144	6 104	-57	0	6 048
27600	Kvalifiseringsprogram	0	15	436	-436	0	0
276	Kvalifiseringsordning	0	15	436	-436	0	0
28100	Økonomisk sosialhjelp	3 412	4 472	4 228	-265	0	3 948
28110	Økonomisk sosialhjelp for flyktningar	2 971	2 310	2 200	-95	0	2 105
281	Økonomisk sosialhjelp	6 383	6 782	6 428	-360	0	6 053
		0					
28510	Leirskule	209	456	502	-153	0	349
28555	Tilskot og vedlikehald - riks- og fylkesveg	0	1	5 000	-5 000	0	0
28570	Drift av flyktingemottak	30	0	2	-2	0	0
285	Tenester utanfor kommunalt ansvarsområde	240	457	5 504	-5 155	0	349
		0					
Sosialteneste og NAV		16 678	20 132	28 480	-6 939	-254	21 272

Oversikt over rammeområdet Sosialteneste og NAV

Dette rammeområdet har 7 funksjonar og 13 aktive tenester.

Funksjonane er:

- 242 Rådgjeving, rettleiing og sosialt førebyggjande arbeid
- 243 Tilbod til personar med rusproblem
- 273 Kommunale sysselsetjingstiltak
- 275 Introduksjonsordning
- 276 Kvalifiseringsordning
- 281 Økonomisk sosialhjelp
- 285 Tenester utanfor kommunalt ansvarsområde

Rekneskapen for 2008 viste ei netto utgift for Kvam herad på 20,1 mill. kr. Dette var 20,7 % meir enn i 2007. Det er tenestene 24200 Sosialkontorteneste, 27500 Introduksjonsordning og 28100 Økonomisk sosialhjelp som har hatt den største auken.

Budsjett for 2009 viser brutto utgift på 28,5 mill. kr. og ei netto utgiftsramme på 21,3 mill. kr. Dette er ein auke i høve til faktisk forbruk i 2008 på 5,7 %. Bruttoutgifta for dette rammeområdet utgjer 5,0 prosent av samla brutto utgifter i heradet.


KOSTRA - samanlikning 2008

Tekst	Kvam	Grupper. 11	Gj.snitt landet
Prioritering			
Netto driftsutgifter til sosialtjenesten pr. innbygger	1 475	1 533	1 191
Netto driftsutg. til sosialtjenesten i % av samlede netto driftsutg	3,5	4,3	3,2
Dekningsgrader			
Andelen sosialhjelpsmottakere i forhold til % innbyggere	2,6	2,4	2,4
Årsverk i sosialtjenesten pr. 1000 innbygger	1,28	1,16	0,76
Produktivitet			
Brutto driftsutgifter pr. sosialhjelpsmottaker, i kroner	60 473	76 105	58 888
Lønnsutgifter pr. sosialhjelpsmottaker, i kroner	18 114	25 447	19 399

Etablering av NAV - Kvam

I samband med skiping av NAV – kontoret i Kvam vart det avtalt å fordela fellesutgiftene etter talet på kommunalt og statleg tilsette. Avtalen skal regulerast årleg, første gong frå 2009. Dette er for å få justert utgiftene årleg i takt med endring i personale i både stat og kommune. I starten var fordelinga 50,4 % på Kvam herad og 49,6 på NAV Hordaland. Med utgangspunkt i tilsette pr. 1.1.09 er dette forholdet no 55,5/44,5. Dette kan bety auka utgifter for Kvam herad.

Reduksjonen i statlege tilsette har mellom anna samanheng med at ein del arbeidsoppgåver er overført til nye forvaltningseiningar. Døme på dette er vedtaksmynde på dei fleste statlege stønadsområda.



Funksjon 242 Rådgeving, rettleiing og sosialt førebyggjande arbeid

Funksjonen har 2 tenester;

24200 Sosialkontorteneste

24210 Koordinering av arbeidet med flyktingar.

Teneste 24200 Sosialkontorteneste

1. Økonomi

24200 - Sosialkontorteneste

Postar	R-07	R-08	B-09
Lønnskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon)	2 765	2 839	3 081
<i>herav fast løn (konto 10100)</i>	<i>1 875</i>	<i>1 976</i>	<i>2 106</i>
Varer og tenester til eigenproduksjon	232	737	549
Tenester som erstattar eigenproduksjon	0	839	80
Overføringer til andre	37	680	562
Finansutgifter	0	1	0
Sum utgifter	3 035	5 095	4 272
Salsinntekter	0	-3	0
Overføringer med krav til motytelse	-407	-486	-268
Finansinntekter	-30	0	-80
Sum inntekter	-437	-489	-348
Netto utgiftsramme	2 597	4 607	3 924
Sum løn i høve sum utgifter	91,1 %	55,7 %	72,1 %

Rekneskapan for 2008 viser ei nettoutgift på 3,8 mill. kr. som er 2,0 mill. kr. (77,4 %) meir enn i 2007. 0,9 mill. kr. av auken er Kvam herad sin del av driftsutgiftene av NAV – kontoret. Heradet skal bl.a. dekke 50,4 % av driftsutgiftene for lokale og NAV – leiaren si løn. Prosjektet P19061 NAV – for – og etableringsprosjekt utgjer 0,8 mill. kr. utgjer av den samla auken.

Budsjett for 2009 viser ei netto utgiftsramme på 3,9 mill. kr. som er ein reduksjon på 0,7 mill. kr. samanlikna med rekneskapan for 2008.

2. Aktivitet

I denne tenesta ligg utgifter til drift av NAV - kontoret og 4,8 stillingar som arbeider med fylgjande oppgåver:

- økonomisk sosialhjelp
- tiltak for rusmiddelavhengige
- økonomisk rådgeving / gjeldsarbeid

- Husbanksaker innafor utbetringstilskot og bustønad
- sakshandsaming på sals - og skjenkeløyve
- foreldremekling

Alle tenestene, unntatt foreldremekling, er lovpålagde tenester.

3. Endring av aktivitetar

Ingen planlagde endringar i 2010.

Teneste 24210 Koordinering av arbeidet med flyktingar

1. Økonomi

24210 - Koordinering av arbeidet med flyktingar

Postar	R-07	R-08	B-09
Lønnskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon)	1 009	997	1 137
herav fast løn (konto 10100)	703	744	766
Varer og tenester til eigenproduksjon	91	79	115
Tenester som erstattar eigenproduksjon	21	30	80
Overføringar til andre	21	11	27
Sum utgifter	1 143	1 118	1 359
Salsinntekter	-0	-2	0
Overføringer med krav til motytelse	-159	-421	-166
Overføringer uten krav til motytelse	-18	-111	-123
Finansinntekter	-18	0	0
Sum inntekter	-195	-534	-289
Netto utgiftsramme	948	583	1 070
Sum løn i høve sum utgifter	88,3 %	89,2 %	83,7 %

Rekneskapen for 2008 viser ei nettoutgift på 0,6 mill. kr. som er 0,3 mill. kr. lågare enn 2007.

Budsjett for 2009 viser ei netto utgiftsramme på 1,1 mill. kr. som er ein auke på 0,5 mill. kr. samanlikna med rekneskapen for 2008. Årsaka til dei store endringane var frikjøp av deler av ei stilling i 2008.

2. Aktivitet

Dette er sosialtenesta sine utgifter til arbeid med flyktingar innafør områda.

- mottak og etablering av nye flyktingar
- råd, rettleiing og oppfølging i 5 år
- sakshandsaming av økonomisk sosialhjelp

Utgiftene her skal dekkast av integreringstilskot frå staten, og er skilt ut frå tenesta ovanfor for betre oversikt.

Det er 2,1 stilling som arbeider med desse oppgåvene.

Lovpålagde tenester når kommunen tek imot flyktingar.

3. Endring av aktivitetar

Ingen planlagde endringar i 2010.

Heradstyret har vedteke å busetja 30 flyktingar pr år. Reduksjon av 50% stilling i 2009 betyr at det er ei større utfordring å få dette i hamn.

Funksjon 243 Tilbod til personar med rusproblem

Funksjonen har 1 teneste;

24300 Behandlingstiltak for personar med rusproblem.

Teneste 24300 Behandlingstiltak for personar med rusproblem

1. Økonomi

24300 - Behandlingstiltak for personar med rusproblem

Postar	R-07	R-08	B-09
Lønnskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon) herav fast løn (konto 10100)	108 83	460 347	478 0
Varer og tenester til eigenproduksjon	1	36	10
Overføringer til andre	88	13	61
Finansutgifter	405	0	0
Sum utgifter	603	509	549
Overføringer med krav til motytelse	-517	-164	-305
Finansinntekter	0	-311	-174
Sum inntekter	-517	-475	-479
Netto utgiftsramme	86	34	70
Sum løn i høve sum utgifter	17,9 %	90,4 %	87,1 %

Rekneskapen for 2008 viser ei nettoutgift på 0,03 mill. kr. som er ein reduksjon på 0,05 mill. kr. samanlikna med 2007.

Budsjett for 2009 viser ei bruttoutgift for denne tenesta på 0,55 mill. kr. og inntekter på knappe 0,48 mill. kr. Inntektene kjem frå øyremerka statstilskot til tiltak for rusmiddel-misbrukarar. Budsjettert nettoutgift vert såleis 0,07 mill. kr.

2. Aktivitet

Arbeidsoppgåver i denne tenesta er hjelpetiltak til rusmiddelavhengige:

- oppfølging i høve til skule/arbeid
- oppfølging i bustad
- dekking av div. utgifter, t.d. til lege, medisin, reiseutgifter til psykolog/ skule/arbeid.

Dette er lovpålagde tenester

1 stilling som miljøarbeidar som er ført på denne tenesta. I tillegg utfører tilsette under teneste 24200 oppgåver på dette området.

3. Endring av aktivitetar

Eit øymerka tilskotet finansierer ei mellombels stilling som miljøarbeidar, - på tredje året no. Stillinga har medført ei tettare oppfylging i høve til bustad og arbeidstrening for denne brukargruppa. NAV meiner det er stor trong for å ha denne tenesta som fast stilling, og ber om at den vert lagt inn i budsjettet som ny fast stilling.

Dette var også gjort framlegg om til budsjett 09, utan at det blei teke til følgje.

Det er viktig å minna om at det frå statleg tildelande instans ligg ei forventning om at slike prosjektstillingar finansiert gjennom øymerka tilskot, vert vidareført av kommunen som faste stillingar etter utløp av prosjektperioden.

Funksjon 273 Kommunale sysselsetjingstiltak

Funksjonen har 3 tenester;

27300 Kommunale sysselsetjingstiltak – PU

27301 Kommunale sysselsetjingstiltak – psykiske lidingar

27302 Kommunale sysselsetjingstiltak – ungdom.

Teneste 27300 Kommunale sysselsetjingstiltak - PU

1. Økonomi

27300 - Kommunale sysselsetjingstiltak - PU

Postar	R-07	R-08	B-09
Lønskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon) herav fast løn (konto 10100)	70 53	77 58	82 61
Varer og tenester til eigenproduksjon	0	0	0
Overføringar til andre	2 656	2 690	2 760
Sum utgifter	2 726	2 767	2 842
Overføringer med krav til motytelse	0	0	-1
Sum inntekter	0	0	-1
Netto utgiftsramme	2 726	2 767	2 842
Sum løn i høve sum utgifter	2,6 %	2,8 %	2,9 %

Rekneskaper for 2008 viste ei netto utgift på 2,8 mill. kr. som er ein auke i høve til 2007 på 1,5 %.

Budsjettet for 2009 viser ei netto utgiftsramme på 2,8 mill. kr. som tilsvarar om lag det faktiske forbruket i 2008 (auke på 2,7 %).

2. Aktivitet

På denne tenesta ligg fylgjande tiltak:

- Kommunal eigendel for 12 verna, tilrettelagde arbeidsplassar på Storeholmen. VarigTilrettelagtArbeid der staten finansierer 75% og kommunen 25% av kostnaden
- Kjøp av 15 arbeidsplassar på Storeholmen (kommunen betalar 100% av kostnaden)
- Tilrettelegging av arbeidsplass i Kvam herad
- Tilrettelegging av arbeid i privat verksemd

Lovpålagde tenester.

Lønsutgiftene gjeld 20% stilling i Kvam herad.

3. Endring av aktivitetar

Ingen planlagde endringar i 2010.

Teneste 27301 Kommunale sysselsetjingstiltak – psykiske lidingar

1. Økonomi

27301 - Kommunale sysselsetjingstiltak - psykiske lidelser

Postar	R-07	R-08	B-09
Varer og tenester til eigenproduksjon	0	1	0
Overføringar til andre	463	459	484
Sum utgifter	463	460	484
Overføringer med krav til motytelse	0	-0	0
Sum inntekter	0	-0	0
Netto utgiftsramme	463	460	484
Sum løn i høve sum utgifter	0,0 %	0,0 %	0,0 %

Rekneskapen for 2008 viser ei nettoutgift på 0,5 mill. kr. som er uendra frå 2007.

Budsjettet for 2009 viser ei netto utgiftsramme på 0,5 mill. kr. tilsvarande tidlegare år.

2. Aktivitet

På denne tenesta ligg fylgjande tiltak:

- Kommunal eigendel for verna, tilrettelagde arbeidsplassar på Storeholmen, Kontakten.
- VarigTilrettelagtArbeid der staten finansierer 75% og kommunen 25% av kostnaden.

Erfaring syner at meiningsfull kvardag i fellesskap med andre reduserer bruk av dei generelle helse- og sosialtenestene. Det er såleis ein mykje meir hensiktsmessig måte å yta hjelp på enn gjennom t.d. lege og psykiatrisk sjukepleie. Tenesta er lovpålagt.

3. Endring av aktivitetar

Ingen planlagde endringar for 2010.

Teneste 27302 Kommunale sysselsetjingstiltak – ungdom

1. Økonomi

27302 - Kommunale sysselsetjingstiltak - ungdom

Postar	R-07	R-08	B-09
Lønnskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon)	241	240	445
herav fast løn (konto 10100)	190	177	329
Varer og tenester til eigenproduksjon	40	37	45
Overføringer til andre	7	5	11
Finansutgifter	0	6	0
Sum utgifter	287	289	501
Overføringer med krav til motytelse	-59	-5	-68
Sum inntekter	-59	-5	-68
Netto utgiftsramme	228	284	433
Sum løn i høve sum utgifter	83,8 %	83,0 %	88,8 %

Rekneskapen for 2008 viser ei nettoutgift på 0,3 mill. kr. som er ein auke på knappe 0,1 mill. kr. i høve til 2007.

Budsjettet for 2009 viser ei netto utgiftsramme på 0,4 mill. kr. som er ein auke på 0,15 mill. kr. samanlikna med rekneskapen for 2008.

2. Aktivitet

Denne tenesta inneheld eit kommunalt tiltak med arbeidstrening for ungdom, 4 plassar, kalla "Vaktmeisteren". Tiltaket er eit låg – terskel - tilbod for ungdom som ikkje maktar vanleg skule/arbeid. Målsetjinga er å møta fram, eta frukost ilag, stå arbeidsdagen ut, delta i praktiske arbeidsoppgåver og få hjelp til å koma seg vidare i høve til skule/arbeid.

Dette tiltaket er viktig for dei som ikkje kan gjera seg nytte av andre arbeids- og utdanningstiltak. Tiltaket har stor betydning som element i arbeidet med Kvalifiserings-program.

"Vaktmeisteren" utfører ymse kommunale oppgåver, reparasjonar, maling, flytting, rydding, dvs oppgåver kommunen elles lite truleg ville fått gjort.

Ei stilling er ført på denne tenesta.

Ikkje lovpålagt teneste.

3. Endring av aktivitetar

Tiltaket er svært sårbart med berre ein tilretteleggjar, t.d. sjukdom, ferie mm. Det er derfor ynskjeleg å ha to tilsette tilretteleggjarar. Då kan ein utvida tilbodet til fleire enn 4 personar, - det er no avgrensing i rekruttering til tiltaket pga bemanning.

Funksjon 275 Introduksjonsordning

Funksjonen har 1 teneste;
27500 Introduksjonsordning.

Teneste 27500 Introduksjonsordning

1. Økonomi

27500 - Introduksjonsordning

Postar	R-07	R-08	B-09
Lønskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon)	2 796	3 851	5 834
herav fast løn (konto 10100)	648	710	537
Varer og tenester til eigenproduksjon	138	62	60
Tenester som erstattar eigenproduksjon	83	267	200
Overføringar til andre	38	29	10
Sum utgifter	3 055	4 209	6 104
Overføringer med krav til motytelse	-47	-65	-57
Sum inntekter	-47	-65	-57
Netto utgiftsramme	3 008	4 144	6 048
Sum løn i høve sum utgifter	91,5 %	91,5 %	95,6 %

Rekneskapen for 2008 viser ei nettoutgift på 4,1 mill. kr. som er ein auke på 1,1 mill. kr. samanlikna med året før.

Budsjettet for 2009 viser ei netto utgiftsramme på 6,0 mill. kr. som er ein auke på 1,9 mill. kr. i høve til rekneskapen for 2008.

Kvam herad får statlege tilskot som vedkjem flyktningar. Dei er ført på funksjon 850 i hht KOSTRA – rettleiaren. For 2009 er det budsjettert med 11,8 mill. kr. i slike tilskot. Rekneskapen for 2008 viste inntekter på 8,8 mill. kr. Dette vil verta nærare kommentert i KOSTRA – dokument nr. 17 Skatt og rammetilskot.

2. Aktivitet

På denne tenesta ligg fylgjande, etter Lov om Introduksjonsordning:

- introduksjonsprogram med tilhøyrande stønad
- norskopplæring
- språkpraksisplass
- programrådgjevar – oppfølging av individuelle planar i introprogram: bustad, utdanning, arbeid og fritid.

3. Endring av aktivitetar

Heradsstyret har vedteke å busetja 30 flyktingar pr. år. Inndraging av 50 % stilling i 2009 gjer dette vanskeleg. Lovpålagt innhald i introprogram som språkpraksisplass og programrådgjeving vert ikkje ivareteke. I tillegg til stønaden og norskopplæring, er det desse aktivitetane som vil redusere heradet sine utgifter i samband med busetting av flyktingar i perioden.

Funksjon 276 Kvalifiseringsordning

Funksjonen har 1 teneste;
27600 Kvalifiseringsprogram.

Teneste 27600 Kvalifiseringsprogram

1. Økonomi

27600 - Kvalifiseringsordning

Postar	R-07	R-08	B-09
Lønskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon)	0	808	1 364
herav fast løn (konto 10100)	0	0	0
Varer og tenester til egenproduksjon	0	18	0
Overføringer til andre	0	2	0
Finansutgifter	0	527	0
Sum utgifter	0	1 355	1 364
Overføringer med krav til motytelse	0	-1 056	-1 364
Finansinntekter	0	-284	0
Sum inntekter	0	-1 340	-1 364
Netto utgiftsramme	0	15	0
Sum løn i høve sum utgifter	0,0 %	59,6 %	100,0 %

Bruttoutgift for denne tenesta er 1,3 mill. kr. i budsjett for 2009. Inntekta er på 1,3 mill. kr. og kjem frå øymerka statstilskot.

2. Aktivitet

Kvalifiseringsprogram er eit ny kommunal teneste, sett i verk av regjeringa i alle NAV - kontor. Kvam har fått øymerka statstilskot sidan 2007. Kvalifiseringsprogram inneber at personar som har hatt sosialhjelp som inntekt i lengre tid, eller står i fare for å bli mottakarar av sosialhjelp, i staden for skal få tilbod om Kvalifiseringsstønad på vilkår av at dei fylgjer opp eit kvalifiseringsprogram.

Programmet vert laga i høve til den einssilde sin situasjon og skal bidra til at fleire kjem i arbeid og aktivitet, og redusere antal motakarar av sosialstønad. Stønaden vert utbetalt som løn og er skattepliktig. Det er eit mål at Kvam skal ha minst 18 personar i ordninga i 2009.

Ordninga med kvalifiseringsprogram krev tett oppfylgning frå NAV - kontoret, og medfører at det må brukast meir tid i arbeidet med den einssilde. Det er ikkje tilført nye stillingar i høve til dette arbeidet i 2009.

3. Endring av aktivitetar

Tilskot frå staten også i 2010, anten som øymerka eller lagt inn i rammetilskotet. Kvam har i 1. halvår 2009 hatt 22 personar på kvalifiseringsprogram. Det er grunn til å tru at det er dette nivået me skal liggja på også i 2010. Det kan medføra ei nettoutgift på denne tenesta, men samstundes reduserte utgifter på økonomisk sosialhjelp.

Tildelte midlar er meint å dekkja kommunane sine meirkostnader ved innføring av programmet, det vil sei utgifter til stønaden, oppfølging og planlegging, utvikling, iverksetjing og drift av lokale tiltak mm. I tillegg vil Kvalifiseringsprogramma for ein vesentleg del bestå av tiltak finansiert av Arbeids- og velferdsetaten.

Til orientering kan me ikkje gje avslag på ein søknad om Kvalifiseringsprogram grunna manglande økonomi.

Ordninga er Regjeringa sitt viktigaste virkemiddel i kampen mot fattigdom og eit viktig bidrag i realiseringa av NAV - reforma.

Funksjon 281 Økonomisk sosialhjelp

Funksjonen har 2 tenester;

28100 Økonomisk sosialhjelp

28110 Økonomisk sosialhjelp for flyktingar.

Teneste 28100 Økonomisk sosialhjelp

1. Økonomi

28100 - Økonomisk sosialhjelp

Postar	R-07	R-08	B-09
Varer og tenester til eigenproduksjon	2	5	3
Overføringer til andre	3 581	4 875	4 225
Finansutgifter	304	48	10
Sum utgifter	3 887	4 928	4 238
Overføringer med krav til motytelse	-451	-429	-265
Finansinntekter	-24	-26	-25
Sum inntekter	-475	-455	-290
Netto utgiftsramme	3 412	4 472	3 948
Sum løn i høve sum utgifter	0,0 %	0,0 %	0,0 %

Rekneskapen for 2008 viser ei netto utgift på 4,5 mill. kr. som ein auke på knappe 1,1 mill. kr. (31,1 %) samanlikna med 2007.

Budsjettet for 2009 viser ei netto utgiftsramme på 3,9 mill. kr. som er ein reduksjon i høve til 2008 på 0,5 mill. kr. (-11,7 %).

2. Aktivitet

Denne tenesta omfattar utbetalt sosialhjelp. I Kvam nyttar me staten sine rettleiande satsar for sosialhjelp som vert justert kvart år. Stønaden omfattar hovudsakleg livsopphald og bu - utgifter. Livsopphaldssats for 1 vaksen person er kr. 5.105,- pr. mnd, den summen skal dekke alle vanlege utgifter unntateke bu - utgifter. Dette er lovpålagt teneste. Ut over dette vert det i einskilde høve, etter streng behovsprøving, gjeve hjelp til å overkomma eller tilpassa seg ein vanskeleg livssituasjon, - ei teneste som ikkje er lovpålagt. I 2008 var det 220 personar/familiar som mottok sosialhjelp i Kvam.

3. Endring av aktivitetar

I 2008 var det på landsbasis ein tydeleg auke i talet på sosialhjelpsmottakarar, medan det i Kvam var ein relativt liten auke. Denne trenden har halde fram og i 2009. Det er grunn til å venta høgare utbetaling av sosialhjelp i 2010 enn i 2008.

Teneste 28110 Økonomisk sosialhjelp for flyktingar

1. Økonomi

28110 - Økonomisk sosialhjelp for flyktingar

Postar	R-07	R-08	B-09
Varer og tenester til eigenproduksjon	35	93	0
Overføringar til andre	3 110	2 330	2 200
Sum utgifter	3 146	2 423	2 200
Overføringer med krav til motytelse	-174	-113	-95
Sum inntekter	-174	-113	-95
Netto utgiftsramme	2 971	2 310	2 105
Sum løn i høve sum utgifter	0,0 %	0,0 %	0,0 %

Rekneskapen for 2008 viser ei netto utgift på 2,3 mill. kr. Dette er 0,7 mill. kr. mindre enn i 2007.

Budsjettet for 2009 viser ei netto utgiftsramme på 2,1 mill. kr. som er 0,2 mill. kr. mindre enn i faktisk forbruk i 2008.

2. Aktivitet

Denne tenesta omfattar utbetalt sosialhjelp til flyktingar dei 5 første åra dei er i Kvam. Utgiftene her skal dekkast av integreringstilskot frå staten, og er skilt ut frå tenesta ovanfor for betre oversikt.

Lovpålagde tenester når kommunen tek imot flyktingar.

3. Endring av aktivitetar

Ikkje venta endringar i 2010.

Funksjon 285 Tenester utanfor kommunalt ansvarsområde

Funksjonen har 3 tenester;

28510 Leirskule

28555 Tilskot og vedlikehald – riks- og fylkesveg

28570 Drift av flyktningmottak.

Teneste 28510 Leirskule

1. Økonomi

28510 - Leirskule

Postar	R-07	R-08	B-09
Lønnskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon)	207	181	221
<i>herav fast løn (konto 10100)</i>	<i>159</i>	<i>122</i>	<i>135</i>
Varer og tenester til eigenproduksjon	124	257	181
Tenester som erstattar eigenproduksjon	75	97	100
Overføringar til andre	5	4	0
Sum utgifter	411	540	502
Overføringer med krav til motytelse	-202	-83	-153
Sum inntekter	-202	-83	-153
Netto utgiftsramme	209	456	349
Sum løn i høve sum utgifter	50,4 %	33,6 %	44,0 %

Rekneskapen for 2008 viser ei netto utgift på 0,46 mill. kr. som 0,25 mill. kr. meir enn i 2007.

Budsjettet for 2009 viser ei netto utgiftsramme på 0,35 mill. kr. som er 0,1 mill. kr. mindre enn faktisk forbruk i 2008.

2. Aktivitet

Hardanger Fartøyvernsenter tilbyr leirskuleopphald for skular i Hordaland. Skulesjefen i Kvam har overordna pedagogisk ansvar for det pedagogiske opplegget og læraren er såleis tilsett i 40 % stilling i Kvam herad. Kvam herad skal fakturere brukarane (skular i andre kommunar) for dette og rekneskapet skal i teorien være eit nullrekneskap (utgifter = inntekter).

Bruken av denne tenesta har dei siste åra vore blanda med leirskuleundervisning for elevane i grunnskulen i Kvam, der noko av inntekter og utgifter har blitt ført på teneste 20200 og noko på teneste 28510. Difor er skjemaet over ikkje rett.

3. Endring av aktivitetar

Det skal innførast endring av rutinane for føring av leirskule for elevar frå Kvam kontra elevar frå andre kommunar. Det er intensjonen at budsjettet for teneste 28510 får i 2010 ei netto utgiftsramme på kr. 0.

Teneste 28555 Tilskot og vedlikehald – riks- og fylkesveg

1. Økonomi

28555 - Tilskot og vedlikehald - riks- og fylkesveg

Postar	R-07	R-08	B-09
Overføringer til andre	0	0	5 000
Sum utgifter	0	0	5 000
Overføringer med krav til motytelse	0	0	-5 000
Sum inntekter	0	0	-5 000
Netto utgiftsramme	0	0	0
Sum løn i høve sum utgifter	0,0 %	#DIV/0!	0,0 %

Budsjettet for 2009 viser brutto utgifter på 5,0 mill. kr. og ei tilsvarende inntektsside.

2. Aktivitet

Det vart i Heradstyret sak 156/08 vedteke ein plan for bruk av kompensasjonsmidlar frå differensiert arbeidsgjevaravgift. Det er oppretta eit prosjekt, P60093, med ei ramme på 5,0 mill. kr. som er midlar (for 2007 og 2008) som kan nyttast no. Finansieringa vert med tilskot frå andre (Fylkesutvalet), dvs. ingen utgifter for heradet.

3. Endring av aktivitetar

Det vil truleg verta fleire kompensasjonsmidlar tilgjengeleg neste år.

Teneste 28570 Drift av flyktningsmottak

1. Økonomi

28570 - Drift av flyktningsmottak

Postar	R-07	R-08	B-09
Varer og tenester til egenproduksjon	2	0	0
Overføringer til andre	0	-0	2
Finansutgifter	29	0	0
Sum utgifter	30	-0	2
Overføringer med krav til motytelse	0	0	-2
Sum inntekter	0	0	-2
Netto utgiftsramme	30	0	0
Sum løn i høve sum utgifter	0,0 %	0,0 %	0,0 %

Det er ikkje budsjettert med aktivitet på denne tenesta i 2009. Tala i budsjettet er mva – drift som ikkje er fjerna på utgifts – og inntektssida.

2. Aktivitet

Kvam herad driv ingen flyktningsmottak for tida.

3. Endring av aktivitetar

Ingen kjende endringar.